

# Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF

## Innkalling og saksliste

Møtestad: Scandic Hotell Seilet Molde

Dato: 8. november 2018

Kl.: 10.00 – 15.00

Sak 2018/01 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 2018/02 Orienteringssaker

- Bakgrunn og historikk for Samhandlingsavtalen v/ Lena Bjørge Waage konstituert samhandlingssjef HMR
- Mandat for reforhandlingsprosess og gjennomført evaluering av Samhandlingsavtalen v/ arbeidsgruppa<sup>1</sup> til Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal (OSU)
- Sak 2018-16 Delavtale Barn og unge
- Etablering av Fagråd
- Planlagt samarbeidsmøte mellom arbeidsutvala til OSU/ASU i HMN knytt til felles Samhandlingskonferanse og behov for samordning

Sak 2018/03 Sekretariatsfunksjon for reforhandlingsprosessen til samhandlingsavtalen

Sak 2018/04 Konstituering , kostnadseling og framdriftsplan for vidare prosess

---

<sup>1</sup> Siv Iren Stormo Andersson, kommunalsjef Kristiansund kommune, Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune og Oddbjørn Tomren, avdelingssjef Klinikk for medisin og rehabilitering HMR

# Forhandlingsutvalet til revisjon av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal

**Saksframlegg**

## Godkjenning av innkalling og saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalsnamn</b>	<b>Møtedato</b>
Sak 2018-01	Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal	081118

Saksbehandlar: Lena Bjørge Waage  
Arkivreferanse: 2018/3211

### Forslag til vedtak:

Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen godkjenner innkallinga og sakslista.

# Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal

Saksframlegg

## Orienteringssaker

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2018-02	Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal	081118

Saksbehandlar: Lena Bjørge Waage

Arkivreferanse: 2018/3211

## Forslag til vedtak:

Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen tek orienteringssakene til vitande.

Vedlegg 01/Lenke: [Samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF \(2015\)](#)

Vedlegg 02/Lenke: [Sak 2018/15 Etablering av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen](#)

Vedlegg 03/ Lenke: [Sak 2017/37 Evaluering av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal – tilråding og vidare prosess](#)

Vedlegg 04/Lenke: [Samarbeidsavtale mellom St. Olavs Hospital og følgende kommuner i Trøndelag, samt samarbeidande kommuner \(2018-2019\)](#)

Vedlegg 05/Lenke: [Sak 2018-16 Delavtale Barn og unge](#)

Vedlegg 06: Etablering av Fagråd

**Saksutgreiing:**

## Orienteringssaker

- Bakgrunn og historikk for Samhandlingsavtalen v/ Lena Bjørge Waage konstituert samhandlingssjef HMR
- Mandat for reforhandlingsprosess og gjennomført evaluering av Samhandlingsavtalen v/ arbeidsgruppa<sup>1</sup> til Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal (OSU)
- Sak 2018-16 Delavtale Barn og unge
- Etablering av Fagråd
- Planlagt samarbeidsmøte mellom arbeidsutvala til OSU/ASU i HMN knytt til felles Samhandlingskonferanse og behov for samordning

---

<sup>1</sup> Siv Iren Stormo Andersson, kommunalsjef Kristiansund kommune, Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune og Oddbjørn Tomren, avdelingssjef Klinikk for medisin og rehabilitering HMR

# Fagråd i Møre og Romsdal.

---

## 1 Bakgrunn

Dette notatet starta som eit notat for å undersøke om det er mogleg å opprett eit *Fagråd for samarbeid om tilbod til pasientar og pårørande med behov for frisklivstenester, læring og mestring og koordinerte tenester, her under habilitering og rehabilitering* i Møre og Romsdal. I prosessen er det vurdert slik at ein må sjå fagråd i Møre og Romsdal saman med etablerte fagråd i resten av regionen. Dette har difor utvikla seg til eit notat som kan nyttast som grunnlagsdokumentasjon for vurdering av framtidig struktur knytt opp mot fagråd i Møre og Romsdal.

I Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag har ein sidan 2015/2016 hatt fagråd knytt opp mot samhandlingsstrukturen som er forankra i dei respektive samhandlingsavtalane. Målet med fagråd er mellom anna både å jobbe for å gjere tenesteavtalene kjent, identifisere områder med problem, foreslå forbetringar, foreslå revisjon og jobbe for god samhandling.

I Møre og Romsdal er samhandlingsstrukturen definert i [delavtale 12 til Samhandlingsavtalen](#). Formelt består strukturen av dialogmøte, samhandlingskonferanse, Overordna samhandlingsutval (OSU), lokale samhandlingsutval knytt til kvart lokalsjukehusområde, kliniske samhandlingsutval og samarbeidsråd. I høve til kliniske samhandlingsutval har ein eitt for barn og unge og eitt for svangerskap, fødsels- og barselsomsorg. I tillegg har ein eit akuttutval og eit fagråd digital samhandling.

Knytt opp mot [samhandlingsstrategien i Møre og Romsdal](#) og arbeidet med [utviklingsplanen HMR](#) er det også etablert arbeidsgrupper innan fleire områder. For alle områda er det utarbeida handlingsplanar;

- Rus og psykisk helse
- Pasientforløpet for den eldre multisjuke pasient
- Koordinerande eining, individuell plan og koordinator
- Innføring av Palliativ plan

Meir om samansettning og handlingsplanar kan lesast [her](#).

## 2 Nokre erfaringar

9. oktober 2018 møttes deltakarar frå Helse Nord-Trøndelag HF, St. Olavs Hospital HF og Helse Møre og Romsdal HF på Skype. Målet var å høre nokre erfaringar frå arbeidet med fagråd.

Ei enkel spørjing av nokre representantar i Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag kan berre peike på nokre erfaringar frå dei to fylka. På den eine sida verkar det som om alle synes at arbeidet i fagråd er nytta. På den andre sida har arbeidet nokre utfordringar.

Det vert opplevd – i alle fall i nokre fagråd – at breidda i arbeidsområdet er stort og at det er vanskelig å konkretisere og prioritere saker ein skal jobbe med. Nokre saker overlappar og mellom fleire fagråd. Dette verkar inn på kor mange fagråd ein bør ha, korleis fagråda arbeidar og samarbeider og forholdet til OSU/ASU (overordna og administrative utval i Midt-Noreg).

Deltakarane i fagråd kjem både frå leiarroller og frå praksis. Det fører til at dei har ulik forankring i eigen organisasjon og ulik oversikt. Ulik bakgrunn kan være ein styrke, men det kan også føre til kulturforskjell som gjer arbeidet vanskeleg.

Ein manglar eit samarbeid på tvers mellom fagråda. I Sør-Trøndelag har ein difor fått ein samhandlingskoordinator tilsett i KS og ein har sett møte mellom leiarane i fagråda i system.

Fagråda skal være aktive utover for å bygge kjennskap til avtalane og om andre faglege spørsmål. Det er ein utfordring å finne arenaer for spreiling av informasjon og kunnskap på ein måte som kan utnytte kompetansen i fagråda betre.

Fagråda dekker ulike område i Sør og Nord-Trøndelag. Det kan virke som eit klart behov å få til likskap i organiseringa av fagråd i heile regionen, for slik å kunne utnytte ressursane betre og lett samarbeide på tvers også av føretaksgrenser. Digitalisering og innføring av m.a Helseplattformen krev også at vi er meir standardiserte og har effektive strukturar regionalt og lokalt og at desse er samordna.

## 2.1 Eit døme

Som eksempel tar vi utgangspunkt i forslaget om å etablere eit *Fagråd for samarbeid om tilbod til pasientar og pårørande med behov for frisklivstenester, læring og mestring og koordinerte tenester, her under habilitering og rehabilitering*.

Oppsplitting er ei utfordring i helsetenestene. For mange fagråd kan føre til eit sektorfokus som ikkje er heldig, på den andre sida kan spennet i det enkelte fagråd verte for stort. Det kan likevel være nyttig å etablere eit fagråd for delavtale 2 og 10.

Delavtale 2 regulerer samarbeidet mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF (HMR) i arbeidet med pasientar/brukarar med behov for koordinerte tenester, habilitering eller rehabilitering. Mykje handlar om å oppnå best mogleg funksjons- og meistrinsgevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet. Delavtale 10 regulerer samarbeidet mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal rundt arbeid med fremming av helse, førebygging og helseovervakning. Under førebygging reknas både primær-, sekundær- og tertærfofrebygging.

I HMR er det Koordinerandeeining og LMS som organisatorisk har mykje av ansvaret knytt til desse avtalene og dei har alt i dag eit nært samarbeid. Dei ynskjer å utvikle dette samarbeidet slik rettleiarene for rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinerande eining legg opp til. Der seier ein mellom anna at «*Læring og mestring er sentralt innen habilitering og rehabilitering og bør sikres en tydelig faglig og organisatorisk forankring og tilhørighet til dette tverrfaglige tjenesteområdet både i helseforetak og kommuner*».

Ein ser også behov for tett samarbeid med kommunane i fylket og at det er behov for å formalisere samarbeidet knytt opp mot Samhandlingsavtalen og etablering av fagråd.

## 2.2 Fagråd sine oppgåver

Oppgåvene til eit fagråd må definerast klart. I samhandlingsavtalane til St.Olav og Helse Nord-Trøndelag med tilhøyrande kommunar er oppgåver definert slik overordna;

### *6.3 Fagråd / fagnettverk/ ad-hoc utvalg*

- a) Det kan opprettes fagråd/fagnettverk/ad-hoc utvalg etter behov på ulike tjenesteområder
- b) Mandat og tidsramme for arbeidet fastsettes av ASU
- c) Fagråd/fagnettverk/ad-hoc utvalg rapporterer til ASU
- d) Fagråd/fagnettverk/ad-hoc utvalg er partssammensatte og følger som hovedregel de samme prinsippene for representasjon og arbeidsform som ASU
- e) Oppnevning skjer etter forslag fra partene, og det skal være brukerrepresentasjon
- f) Partene bærer selv sine egne kostnader

([Helse Nord-Trøndelag HF, 2017:punkt 6.3](#))

### *6.3. Fagråd*

ASU kan opprette fagråd etter behov. Retningslinjer og prosedyrer for fagrådene bør være mest mulig like. Faglige retningslinjer utarbeides av fagrådene og godkjennes av administrativt samarbeidsutvalg.

#### *6.3.1. Sammensetning:*

ASU vedtar sammensetning av fagrådene.

#### *6.3.2. Arbeidsform:*

Leder av utvalget bestemmes av ASU. Ledelses- og sekretariatsfunksjonen alternerer hvert annet år mellom St. Olavs hospital HF og kommunene. Partene bærer selv sine kostnader.

Fagrådene evalueres hvert annet år.

([St.Olavs Hospital HF, 2018:punkt 6.3](#))

*Fagråd for samarbeid om tilbod til pasientar med behov for koordinerte tenester, herunder habilitering, rehabilitering og LMS har følgjande mandat;*

#### **Mandat**

- Utarbeide felles retningslinjer for innleggelse utenom vanlige henvisningsrutiner.
- Samarbeide om pasientforløp på system og individnivå
- Utvikle retningslinjer for samarbeid mellom koordinerende enhet i helseforetak og kommuner.
- Tydeliggjøre begrepet koordinator og koordinators roller i kommuner og helseforetak
- Utvikle felles retningslinjer for bruk av Individuell plan og mestringsplan
- Utvikle felles retningslinjer for samarbeid med fastlegene
- Legge til rette for brukermedvirkning for å sikre god koordinering
- Utvalget skal legge fram en handlingsplan for arbeidet for ASU.

## **2.3 Medlemmar**

Fagråda i Sør-Trøndelag har 1-2 brukarar, 5-6 frå kommunane og 5-6 frå spesialisthelsetenesta

I Nord-Trøndelag er det like mange brukarar med og om lag like mange frå kommunane, men varierande tal frå helseføretaket. I tillegg har dei med andre aktuelle einingar slik som fylkesmann, fylkeskommune og NORD Universitet. Frå Nord-Trøndelag vert det argumentert med at det er nyttig å ha med andre slik som fylkesmannen og fylkeskommunen, mens frå Sør-Trøndelag vert det påpeika at dei er med i OSU og at dei opplever at det er greitt.

Jamt over har dei fleste fagråd 13 medlemmer og leiing og sekretær går på omgang. Er leiaren frå kommunen er sekretæren frå spesialisthelsetenesta. Eit fagråd i Sør-Trøndelag har delt leiing med ein frå kommune og ein frå spesialisthelsetenesta og opplever at det fungerer godt.

## 2.4 Møtefrekvens

4 - 6 møter i året kor nokre skjer på Skype ser ut til å være vanleg. I tillegg gjerne ei større samling og kanskje gruppemøter for konkrete arbeidsområde. Det verker som ein søker å følgje årshjulet til OSU.

## 3 Vurderingar og vegen vidare

Dette notatet leggast fram for forhandlingsutvalet som grunnlagsmateriale for å vurdere framtidig struktur, særleg avgrensa opp mot fagråd.

For å sikre meir likskap og standardisering innad helseregionen, bør ein tilstrebe å utvikle ein samhandlingsstruktur som understøttar dette. Dette gjeld frå det overordna nivået i strukturen og til dei einskilde fagråd. Det er behov for samordning på tvers av HF og med regional forankring. Eit døme på utvikla struktur er digital samhandling, der det finst eit regionalt fagråd digital samhandling, og eit lokalt fagråd knytt til kvart føretaksområde og tilhøyrande kommunar. Dei respektive ASU/OSU gir mandat og forankrar tilrådde løysingsforslag knytt til digital samhandling. Dette er med på å styrke samordninga både på regionalt og lokalt nivå.

I evaluering og revidering av samhandlingsstrukturen i Møre og Romsdal , blir det viktig å involvere aktuelle utval/fagråd lokalt og regionalt, for å drøfte og vurdere korleis ein kan sikre samankoppling mot Samhandlingsavtalar og retningslinjer. Formålet med samhandlingsstrukturen er å understøtte samhandling og sikre gjennomføring av vedteken samhandlingsavtale. Det vert då viktig å kople retningslinjer og innhaldet i desse til representative fagråd. Fagrådet kan då med sin kjennskap til det enkelte samhandlingsområde, vere bidragsytarar i å konkretisere innhaldet i retningslinjene, vere pådrivarar for å fremme gjennomføring av retningslinjer og utarbeida handlingsplanar, og vere adressat for problemstillingar ein har behov for å finne løysingar/utarbeide rutinar til.

Ein ber forhandlingsutvalet om å ta med seg innspela i det vidare arbeidet med revisjon av Samhandlingsavtalen.

Ein vil tilrå at forhandlingsutvalet legg til rette for involverande prosessar som sikrar samordning mellom avtaleverket regionalt, herunder også samhandlingsstruktur.

# Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal

Saksframlegg

## Sekretariatsfunksjon

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2018-3	Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal	081118

Saksbehandlar: Lena Bjørge Waage

Arkivreferanse: 2018/3211

### Forslag til vedtak:

1. Forhandlingsutvalet tek orientering om oppfølging av sekretariatsfunksjon til revisjon av samhandlingsavtalen til vitande.
2. Forhandlingsutvalet støttar at KS kallar regionråd og HMR inn til nytt møte, for å ta stilling til forhandlingsutvalet si tilråding, slik det kom fram i møtet.
3. Forhandlingsutvalet ber om at det vert lagt fram ny sak med løysing i neste møte i forhandlingsutvalet.

Vedlegg 01 – Konklusjonsnotat frå møte mellom KS, regionråd og HMR 130918

**Saksutgreiing:**

Viser til konklusjonsnotat frå møte mellom KS, regionråd og HMR 13. september (sjå vedlegg), og henstilling frå ROR og Orkidè

Henstilling Orkidè 5. oktober 2018:

**Sak 61/18      Sekretariat for arbeidsgruppe for revisjon av Samhandlingsavtalene**

*Forhandlingsutvalget skal behandle saken i sitt første møte 8. november, med utgangspunkt i bestillingen fra Overordnet Samhandlingsutvalg (OSU) og foreløpige innspill fra regionrådene. Det vurderes som viktig at kommunene styrker sin dialog og posisjon i forhold til helseforetaket. Sak 62/18 om kommunal samhandlingskoordinator kan inngå i organiseringen av fremtidig samhandling.*

Vedtak

AU anmoder om at KS påtar seg sekretariatsoppgaven for Forhandlingsutvalget.

Henstilling ROR:

Vedtak:

- *Når det gjelder etablering av sekretariat for forhandling av samarbeidsavtalen med Helse-Midt-Norge<sup>1</sup> ber styret om at daglig leder tar kontakt med KS og henstiller om at de tar denne rollen.*

---

<sup>1</sup> Kommentar - rett er Helse Møre og Romsdal HF

# Konklusjonsnotat

**Møte om oppfølging av vedtaket i Overordna samhandlingsutvalg, sak 2018/15, om arbeidet med revisjon av samhandlingsavtalene mellom kommunene i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal**

Tid: Torsdag 13. september kl 10-11

Sted: KS-kontoret, Fylkeshuset i Molde

*Til stede:*

*Helse Møre og Romsdal:*

*Lena Bjørge Waage*

*Marianne Gravem*

*Orkide:*

*Ellen Engdal*

*ROR:*

*Alf Reistad*

*SRR*

*Jan Kåre Aurdal*

*Vegard Austnes*

*KS*

*Gunnar Bendixen, ref*

Bakgrunnen for møtet var henvendelse til regionrådene og KS om oppfølging av vedtaket i OS om å be kommunene om å stå for sekretariatsfunksjonen for forhandlingsutvalget oppnevnt i OS-sak 2018/15.

Etter en drøftingsrunde var det enighet om følgende:

1. Det er behov for en nærmere avklaring med det oppnevnte forhandlingsutvalget om hvordan de ønsker, og ser for seg innholdet i, og omfanget av prosessen. Etter en slik avklaring vil det kunne gjøres en vurdering av ressursbehovet, både faglig, prosessmessig og praktisk.  
Konklusjonen ble derfor at Helseforetaket v/samhandlingsavdelingen innkaller forhandlingsutvalget til et slikt møte.
2. Det er en felles oppfatning om at dette er et viktig og krevende arbeid, som både forutsetter kompetanse og kapasitet, og at prosessen er godt forankret i kommunene. Når det gjelder dialog og forankring har både regionrådene og KS aktuelle og gode arenaer.
3. Partene er enige om at man uavhengig av sekretariatsløsning må finne tette og praktiske samarbeidsløsninger i oppfølgingen av Forhandlingsutvalget.
4. Møtet ser for seg at sekretariatsoppgaven kan løses på ulike måter, både ved at ett regionråd tar på seg oppgaven på vegne av fellesskapet, ved at samhandlingsavdelingen ivaretar dette, eller ved at en nedsetter en arbeidsgruppe som er representert av de tre regionrådene og fra samhandlingsavdelingen. I alle tilfeller må det samarbeides bredt og tett. En eventuell ressursmessig styrking må løses ved et spleislag, eller ved at det for eksempel søkes skjønnsmidler eller OU-midler. KS-Konsulent er eksempelvis en ressurs som kan brukes til prosessbistand.

5. Etter det første møtet i Forhandlingsutvalget kaller KS inn til nytt møte mellom regionrådene, Helseforetaket og KS. Formålet blir da å finne forslag til løsninger på bestillingen fra Forhandlingsutvalget.

Gunnar Bendixen, 13.9.18

# Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal

Saksframlegg

## Konstituering, kostnadsdeling og framdriftsplan

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2018-04	Forhandlingsutvalet til revisjon av samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal	081118

Saksbehandlar: Lena Bjørge Waage

Arkivreferanse: 2018/3211

### Forslag til vedtak:

1. Forhandlingsutvalet legg mandat til grunn for vidare arbeid med revisjon av samhandlingsavtalen
2. Forhandlingsutvalet vedtek konstituering slik det kjem fram av drøftinga og konklusjon i møtet:

Leiar:
3. Forhandlingsutvalet har drøfta ressursinnsæting i møtet og kjem fram til følgjande kostnadsdeling:

...
4. Forhandlingsutvalet vil fremme ei sak til Overordna samhandlingsutval i møte 27. november, knytt til leiring, sekretariat, kostnadsdeling og framdriftsplan for prosess slik det kjem fram av diskusjonen i møtet.

Vedlegg/lenke: Sak 2018-15 – [Etablering av forhandlingsutval for revisjon av samhandlingsavtalen](#)

## Saksutgreiing:

I møte 23. mai 2018 vart sak om etablering av forhandlingsutval for revisjon av samhandlingsavtalen behandla av Overordna samhandlingsutval.

Mandatet vart gjeve i [sak 2017/37](#):

Overordna samhandlingsutval sluttar seg til tilrådingane frå arbeidsutvalet.

2) Overordna samhandlingsutval tilrår at det blir oppnemnt eit forhandlingsutval ut frå Samhandlingsavtalen

- Overordna samhandlingsutval ber regionråda, helseføretaket, KS og brukerutvalet om å oppnemne sine representantar

3) Overordna samhandlingsutval tilrår at forhandlingsutvalet har følgjande mandat:

- Etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale

4) Følgjande prinsipp skal danne grunnlag for vidare arbeid, der målet er å få eit avtaleverk som støttar utvikling og god samhandling

a. Gjeldande samhandlingsavtale og delavtalar, med gjensidig forpliktingar og rettar mellom partane, skal danne grunnlaget for ny avtale.

b. Ein er samd om å drøfte ei forenkling av dagens avtalestruktur.

c. Eksisterande fagråd/arbeidsutval/kliniske samhandlingsutval blir involvert ved omarbeiding av delavtaler til faglege retningsliner. Der slike fagråd ikkje finnes i dag, må slike partsamansette fagråd oppnemnast.

d. Det skal vere brei involvering og brukast god tid.

e. Gode høyringsprosessar

f. Det må avsetta nok ressursar til det føreståande arbeidet, både frå kommunane og frå helseføretaket

Leiing, kostnadsdeling og framdriftsplan for vidare prosess blir drøfta i møtet. Oppsummering frå diskusjon med tilråding, blir lagt fram for Overordna samhandlingsutval i møte 27. november 2018.